

ÅRSMELDING FOR JOSTEDAL SPEL- OG DANSARLAG 1992.

På årsmøtet 14. februar vart desse valde inn i styret: Lars M. Vigdal (leiar), Anders A. Bjørk, Jarle Sperle, Astrid Skjerdal Krokgjelet og Kjellrun Elvekrok.
Varamenn: Tordis Vigdal og Ingar Norberg.

Tordis har møtt på mesteparten av styremøta.
Astrid har vore kasserar og Anders skrivars.

Valnemnd: Kari Halvæg, Sverre Ruud og Reidun Hesjevoll.

Laget har i meldingsåret hatt 97 medlemer.
Styret har hatt 6 styremøter + 3 møter med Parken A/L.
Laget har vore representert på møter i bygdølaget.

Div. arrangement.

17. mai var laget med på å skipa til den tradisjonelle feiringa.

4 lag gjekk saman om å skipa til den årlege marknaden i juli.
Samarbeidet gjekk bra, og overskotet vart ca. kr. 30.000,-.

Sognefjord Livsstilsveke:

22.-24. mai - fellesarrangement med Parken A/L.

Kurs - seminar frå fredag til søndag i Jostedal med kjendisar som Hauk Buen, Agnes Buen Garnås og Jon Faukstad i spissen.
Agnes underviste i song, Hauk i hardinfelte og Jon på trekkspel.
Elles medverka Vidar Underseth og Hilde Bjørkum som instruktørar i parhallings, Harald og Reidun Hesjevoll på hardingfele og Arve Røneid og Oddbjørn Ramstad på toradar. Det var tilsaman 75 deltagarar på kurset og dei kom stort sett frå vårt eige fylke, men også frå Oppdal, Bergen, Oslo og Ålesund.

Fredag, folkemusikksgalla i samf.huset med eit rikhaldig program der Henning Rivedal var konferansier. Ordførar Ernst Veum og kultursjef Erling Bjørnetun deltok i programmet med helsingar.
Etterpå var det dans med musikk av Elles og Spelemannslaget.
Laurdag, buskspel i Gaupne og dans i Parken med Nye Ringnesin og Hallingdal Kraftlag.

Intimkonsert på Solvang Kafè - Judith Vestreim leia tilskipinga og knytte det heile saman slik at det vart ei fin oppleving for dei som var der.

Søndag avslutta ein folkemusikkhelga med kyrkjekonser i Jostedal Kyrkje, medverkande Agnes Buen Garnås, Hauk Buen og Jon Faukstad.

Me kunne tønkt oss litt betre frammøte på enkelte tilskipingar.
Likevel eit overskot på ca. kr. 30.000,-.

Mø vil takkja alle som hjelpte til.

Ein spesiell takk til Dagrun, som stod i bresjen for det heile - saman med Alf Henning Evjestad og Einar Øvregård.

19. desember var det julebord på kafèen. Oppmøtet kunne ha vore betre, men mø hadde det moro mø som var der.
Øy og Vaset spelte til dansen.

Hausten 1992 hadde mø 6 fredagsdansar i samf.huset. Dei aller yngste var flinke til å møta fram, men dei litt eldre svikta. Tanken var å få litt trening til kappløikar og liknande. Skal mø prøve til att, håpar mø at fleire møter fram.

Takk til Einar med felejentene og toradargruppa for god musikk.

Kursverksemd:

Reidun og Else Marie dreiv opplæring av nybyrjarane på hardingfele utover våren.

7.-9. februar skipa laget til kurs i parhallings og mø hadde eit godt oppmøte.

Frå hausten 1992 fikk laget kjøpe instruksjon på hardingfele og lagspel gjennom Fylkeskommunen. Harald Hesjevoll har vore instruktør både individuelt og i lagspel. Han er no tilsett i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, som fylkesmusikar.

Astrid og Jan Ove var på organisasjonskurs på Skei i desember.

Sigrun og Lars hadde 1 time for veka på skulen i dans fram til sommarferien.

Einar har hatt felekurs gjennom musikkkulen.

Mona, Britt Elin, Mari, Ann Kristin, og Karin var på sommarkurs på Mo.

Framsyning for turistane:

Nokre dansarar og spelemenn hadde ein del framsyningar for turistar. Mø var fleire gonger på Tørvis, ei gong i Skjolden og på Eikum.

Anne Kristin og Morten og Einar var ei gong i Balestrand. Mø var òg til Gaupne på psykiatrisk senter og underheldt ein kveld.

Kappløikar og andre turar:

Mø vil nemne ein del om kappløikar mø har vore på, og ein del resultat:

Fylkeskappleiken i Aurland:

Spel: Arve Røneid nr. 2 i durspel - senior.
Elle's nr. 1 i gruppespel gamaldansmusikk.
Harald nr 3 spel hardingføle kl. B.
Laget vart nr. 7 i lagspel med komp.

Dans kl C: Kjellrun nr 1 og Fylkesmeister.
Mona og Ove nr. 2.
Britt Elin nr. 7.

kl D: Olina nr. 1 med hamborgar og Fylkesmeister.

kl B: Anne Kristin og Morten nr. 4.
Astrid og Jan Ove nr. 7.

Lagdans junior vart Fylkesmeistrar og senior nr. 2.

Landskappleiken på Fagernes.

Harald deltok i kl. B. hardingføle.

Dans kl A: Sigrun og Lars nr. 13, 1. premie.
kl B: Anne Kristin og Morten nr. 4, 1. premie.
Astrid og Jan Ove nr. 15, 2. premie
kl C: Mona og Ove nr. 6, 2. premie.
Britt Elin nr. 14, 2. premie.
Kjellrun nr. 16, 2. premie.

På grunn av nye reglar, må deltakarar i kl. B oppnå 1. premiegrad to gonger for å danse eller spele seg opp i kl. A.

Vestlandskappleiken

Dans kl C: Kjellrun nr. 1, Vestlandsmeister.
Britt Elin nr. 3.
Mona og Ove nr. 4.

Karin, Mari og Guy Steffen debuterte med ein fin 7. plass og andre premie.

Dans kl B: Anne Kristin og Morten nr. 1 og Vestlandsmeistrar.

Dans kl A: Sigrun og Lars nr. 2.

I lagdans stillte me eit blanda lag av junior og senior, og delte 1. plassen med Bygdedanslaget Bjørgvin.
I ref. frå kappleiken i "Spelemannsbladet" fekk me honnør for god rekruttering.

Minikappleik på Mo 14. november.

Ein uformell kappleik, der seniorane ikkje fekk dansa med sin vanlege partnar, eller spele slåttar dei elles spelar på kappleikar.

Mona og Ove vann kl. C. John Geir og Karin, Guy Steffen og Mari hadde fine plasseringar.

Mari, Karin, Anne Kristin og Britt Elin stillte opp i gruppespel.

Om kvelden var alle med på Tande på programmet i Førde, der det skulle samlast flest mogleg felespelarar frå fylket.
Jostedølene fekk kassettar av NRK for å ha reist lengst.

På kappleikane har me for det meste overnatta på klasserom. Me vil gjø ein honnør til dei unge som har vore med, for fin oppførsel på turane. Eit godt døme på at vaksne og unge - gutter og jenter kan ha det moro ilag.

Gåver:

Laget har betalt lisens til Luster Nærradio, og premietilskot til Fylkeskappleik og Vestlandskappleik.

Utsendingar til møter:

Lars møtte som utsending på Sogn og Fjordane Fylkesmusikklag sitt årsmøte på Karistova.

Dagrun var utsending for laget på årsmøtet i LFS.

Lars var laget sin representant på formannsmøtet på Vestlandskappleiken.

Anna representasjon:

Dagrun var leiar i valnemnda til LFS.

Sigrun var dommar i dans på Fylkeskappleiken i Aurland.

Harald var dommar i spel i Aurland og på Landsfestivalen på Geilo.

Kåre Fossøy har vore nestleiar i Fylkeslaget.

Ymse:

Laget har vore med på å kjøpe inn forsterkarutstyr som skal nyttast av laga i Bygdelaget sin regi.

For å få ein del tilskot, har søknaden gått gjennom Spel- og Dånsarlaget. Verdien på utstyret var kr. 34.000,-.